HJELMELAND KOMMUNE

Spar Hjelmeland
Prestagarden 1
4130 HJELMELAND

Att:

Dykkar ref..	Vår ref.	Arkivkode:	Dato:
	10/1261-8/17/17069	Gnr/bnr - 59/63	18.12.2017

59/63 - OPPFØLGING AV SAK- MANGLANDE FERDIGATTEST

Me viser til vedlagt byggeløyve frå 09.12.2010, saksnr 399/10 for tiltak på ovannemnde eigedom.

Tiltakshavar: Spar Hjelmeland

I samband med tilsynsplan i kommunen, jf AFU sak 094/12, er det vedtatt at ferdigattest skal vere eit hovudområde kommunen skal fokusere på. Ferdigattest er viktig for forsikring, sal av eigedom, eigedomsskatt, tilknyting til kommunalt vatn og avlaup m.m.

Ved gjennomgang av vårt saksarkiv, kan me ikkje sjå at tiltaket er avslutta med ferdigattest.
Me ber difor med dette om at det vert søkt om ferdigattest snarast og seinast innan **19.01.2018>**.
Dersom dykk treng meir tid, må det gis beskjed til kommunen slik at fristen eventuelt kan forlengast.

Dersom det likevel er gitt ferdigattest, ber me om kopi av denne. Om tiltaket eller delar av tiltaket ikkje er ferdigstilt ber me om status i saka innan same frist.

Me minner om at søkjer er ansvarleg for å søkje ferdigattest for tiltaket og at saka ikkje blir ferdigstilt før ferdigattest er gitt.
Det er ikkje lov å ta bygg i bruk utan midlertidig bruksløyve/ferdigattest.

Om tiltaket ikkje er utført er byggeløyvet ikkje lenger gyldig, då eit løyve er gyldig i tre år.
Kommunen har ikkje lengre høve til å forlenge løyver gitt etter plan- og bygningslova. Det betyr at om ein på eit seinare tidspunkt skulle ønskje å realisere tiltaket, må ein søkje på nytt.

Me vil også minne om at dersom det er gjort endringar, skal det leverast inn fullstendig søknad om endring.

Med helsing
Plan og forvaltning

Anne Marie Bergman
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Vedlegg:
SØKNAD OM ENDRING AV GITT LØYVE - BRUKSENDRING OG FASADEENDRING - GNR 59 BNR 63
Klagerett
SØKNAD UTAN ANSVARSRETT - OPPFØRING AV KALDT LAGER - 59/63